Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok.	18/01936-1	Arkivkode.
Saksbehandler	Elin Kvaale	

Saksgang	Møtedato
Høgskulestyret	07.03.2018

21/18

OPPSTART AV PROSESS FOR Å UNDERTEGNE MAGNA CHARTA UNIVERSITATUM

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret gjev si tilslutning til at Høgskulen på Vestlandet startar prosess for å underteikne Magna Charta Universitatum.

Sammendrag

I saka blir styret orientert om Magna Charta Universitatum og kva det betyr for HVL å underteikne. Styret vert også beden om å gi si tilslutning til at prosessen med å underteikne kan starte.

Vedlegg:

Magna Charta for dei europeiske universiteta (norskspråkleg versjon)

Saksframstilling:

Bakgrunn for saka
Magna Charta Universitatum vart signert av 388 rektorar og leiarar ved universitet i og utanfor Europa 18. september 1988 i samband med 900-årsjubileumet til Universitetet i Bologna. Dokumentet peikar på universiteta sin viktige rolle i samfunnsutviklinga og understrekar viktigheita av akademisk fridom og institusjonell autonomi.

Hovudprinsippa i Magna Charta Universitatum er:

1. Universiteta er sjølvstendige samfunnsinstitusjonar som, sjølv om dei er ulikt organisert av geografiske og historiske årsaker, kritisk produserer, utforskar, vurderer og formidlar kultur gjennom forsking og høgare utdanning. For å stille seg opne overfor behova i omverda, må universiteta vere moralsk og vitskapleg uavhengig all politisk autoritet og økonomisk makt
2. På universiteta må undervisning og forsking vere uskiljelege om undervisninga skal kunne følgje med i behovsutviklinga, nye samfunnskrav og vitskaplege nyvinningar
3. Fridom i utdanning og forsking er grunnleggande prinsipp for universiteta. Styresmaktene og universiteta må, på kvart sitt område, garantere og fremje respekten for dette grunnleggjande kravet

I dag har over 800 universitet frå over 80 land signert dokumentet, deriblant UiB, UiO og NTNU og andre norske høgskular og universitet har starta prosessen med å signere.

Ved å underteikne Magna Charta Universitatum syner HVL, som ei symbolhandling, at me står saman i solidaritet med det internasjonale akademiske fellesskapet om viktigheita av akademisk fridom og institusjonell autonomi. Det er ingen obligatoriske kostnadar knytt til søknaden eller framtidig deltaking.

Rektor si vurdering
Rektor tilrår at Høgskulen på Vestlandet starter prosessen for å underteikne Magna Charta Universitatum. Det første steget i ein slik prosess er at styret gjev si støtte til at ein søknad skal sendast. Sjølve signering av Magna Charta Universitatum kan skje hausten 2018.

Magna Charta for dei europeiske universiteta

Norwegian

Innleiing

Underteikna rektorar ved europeiske universitet, samla i Bologna ved 900-årsjubileet til det eldste universitetet i Europa, fire år før den endelege etableringa av opne grenser mellom statane i den europeiske fellesskapen, ser fram mot aukande samarbeid mellom alle europeiske folk og oppfattar at folk, såvel som statar, meir enn nokonsinne bør vere medvitne om kva slags rolle universiteta spelar i eit samfunn prega av endring og aukande internasjonalisering. På denne bakgrunnen vil vi framføre følgjande:

1. Framtida til menneskja ved dette årtusenskiftet rettar seg i høg grad etter den kulturelle, vitskaplege og tekniske utviklinga som finn stad i dei sentra av kultur, vitskap og forsking som ekte universitet utgjer

2. Universiteta si kunnskapsformidlande rolle overfor nye slektsledd må i dag innebere at universitetet må tene alle i samfunnet fordi vår kulturelle, sosiale og økonomiske framtid føreset ei særleg og vesentleg investering i livslang læring

3. Universiteta må sikre framtidige generasjonar utdanning og opplæring som set dei i stand til å medverke til å oppretthalde den naudsynte balansen i naturen og i sjølve livet

Underteikna rektorar erklærer difor overfor alle statar og alle folk dei hovudprinsippa som bør liggje til grunn for verksemda ved universiteta, no og i framtida:

Hovudprinsipp

1. Universiteta er sjølvstendige samfunnsinstitusjonar som, sjølv om dei er ulikt organisert av geografiske og historiske årsaker, kritisk produserer, utforskar, vurderer og formidlar kultur gjennom forsking og høgare utdanning. For å stille seg opne overfor behova i omverda, må universiteta vere moralsk og vitskapleg uavhengig all politisk autoritet og økonomisk makt

2. På universiteta må undervisning og forsking vere uskiljelege om undervisninga skal kunne følgje med i behovsutviklinga, nye samfunnskrav og vitskaplege nyvinningar

3. Fridom i utdanning og forsking er grunnleggande prinsipp for universiteta. Styresmaktene og universiteta må, på kvart sitt område, garantere og fremje respekten for dette grunnleggjande kravet

   Ved å motarbeide intoleranse og gjennom å stadig vere opne for dialog er universiteta ein priviligert møtestad mellom universitetslærarar og studentar; universitetslærarar med evne til å dele kunnskapane og med middel til å vidareutvikle desse gjennom forsking og fornying, og studentane med evne, rett og vilje til å tileigne seg desse kunnskapane
   .

4. Eit universitet ivaretar den europeiske humanistiske tradisjonen og er konstant oppteke av å nå universell kunnskap. For å fullføre sine oppgåver må universitetet overskride geografiske og politiske grenser og fastslå den tvingande og naudsynte retten for alle kulturar til å kjenne og influere kvarandre gjennom fri og gjensidig kunnskapsutveksling

Middel

Å setje desse måla i verk i samsvar med dei ovannemnde prinsippa, krev effektive middel som er tilpassa vilkåra i den noverande situasjonen.

1. For at ta vare på fridomen i forsking og undervising bør alle universitetsmedarbeidarar ha tilgjenge til naudsynte middel for utføringa av forskings- og undervisningsarbeidet

2. Prinsippet om forsking og utdanning som uskiljelege skal leggjast til grunn ved rekruttering og fastsetjing av tilsettingsvilkåra for universitetslærarar

3. Kvart universitet må, med omsyn til særskilde omstende, stå vakt omkring fridomen for studentane sine og leggje forholda til rette slik at studentane kan nå dei utdanningsmessige og kulturelle måla dei har sett seg

4. Universiteta – i særleg grad dei europeiske – ser gjensidig utveksling av informasjon og dokumentasjon og fremje av vitskapleg samarbeid som fundamentalt viktig for kontinuerleg kunnskaputvikling

I samsvar med dei tidlege åra av sin historie, oppfordrar universiteta til mobilitet for lærarar og studentar. Det føreset eit fellesopplegg for å sikre samsvar ved tilsetjingsvilkår, fastsetjing av akademiske titlar, eksamenar (sjølv om dei nasjonale diploma skal halde fram) og felles normer for tildeling av stipend, for at universiteta skal kunne garantere utføringa av sine aktuelle samfunnsoppåver.

På sine respektive universitets vegner forpliktar underteikna rektorar seg med dette å gjere det som står i deira makt for at kvar nasjonalstat så vel som aktuelle internasjonale organisasjonar skal la seg inspirere av dette Magna Charta, som er eit samstemt uttrykk for den frie viljen til dei sjølvstendige europeiske universiteta.

Bologna, den 18. september 1988

Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok.	17/01713-3	Arkivkode.
Saksbehandler	Merete Sviggum	

Saksgang	Møtedato
Høgskulestyret	07.03.2018

22/18

ÅRSRAPPORT 2017 FOR KLAGENEMNDA VED HØGSKOLEN PÅ VESTLANDET

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek årsrapport for 2017 - Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet til orientering

Sammendrag
Vedlagt følger til orientering årsrapport for 2017 for klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet.

Vedlegg:
Årsrapport for 2017 - Klagenemnda ved HVL

Høgskulen på Vestlandet

ÅRSRAPPORT 2017

KLAGENEMNDA VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

FORORD

Årsrapporten frå institusjonen si klagenemnd gir styret ved Høgskulen på Vestlandet ei oversikt over arbeidet som er utført av nemnda i 2017.
Klagenemnda vert sett på som ein viktig del av sjølve kvalitetssikringa av verksemda ved høgskulen, primært i studentsaker. Klagenemnda gir gjennom vedtaka sine uttrykk for tolking av regelverk og praksis, og i nokre saker generelle fråsegner om sakshandsaminga i fellesadministrasjonen og fakulteta. Det kan òg gjelde saker der klagar ikkje frå medhald. Sjølv om desse ikkje er bindande for institusjonen, vert det likevel registrert at fråsegnene vert tekne i mot som positive innspel, og har medverka til endring av praksis i høgskulen. Nemnda ser det og som viktig at vedtak og tilrådingar frå nemnda vert kommunisert breitt ut til aktuelle fag- og administrative einingar og slik endrar eller forbetrar praksis på alle campusane.

Innhald

FORORD 1
OPPNEMNING AV KLAGENEMND VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET 3
KLAGENEMNDA SI SAMANSETTING 3
KLAGESAKER 4
OPPTAK 5
KLAGE PÅ FORMELLE FEIL VED EKSAMEN/PRØVE 5
GODSKRIVING OG FRITAK 6
FJERDE GANGS FORSØK 7
MISTANKE OM FUSK 7
MERKNAD PÅ POLITIATTEST 11
SKIKKAVURDERING 12
SAMMENLIKNING MED TIDLEGARE ÅR 12
Vedlegg 14
Utdrag frå universitets- og høgskulelova. 14
Instruks for Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet 15
Oversikt over saker handsama av klagenemnda i 2017 17

OPPNEMNING AV KLAGENEMND VED HØGSKULEN PÅ VESTLANDET

Interimsstyret for Høgskulen på Vestlandet vedtok prinsipp for samansetting av klagenemnd for Høgskulen på Vestlandet i sak 027/16. I same styresak vart klagenemnda ved HVL oppretta med funksjonsperiode frå 01.01.17 til 31.08.20.
I styresak 51/16 (møte 22.12.17), vedteke av interimsstyret, vart det nemnt opp medlemar til klagenemnda, og instruksen for klagenemnda vart godkjend.

MANDATET TIL KLAGENEMNDA

Klagenemnda si verksemd er heimla i universitets- og høgskulelova (uhl.) § 5-1:

> *"Universiteter og høyskoler skal opprette en klagenemnd som skal behandle klagar over enkeltvedtak og, etter styrets bestemmelse, andre klagesaker for kandidatene."*

Klagenemnda sitt mandat er gitt i instruks vedteke av interimsstyret i sak 51/16 (møte 22.12.16).

> *«A Klagenemnda behandler og gjør vedtak i klage frå studenter*
> *a. klage på formell feil ved opptak som ikke skal behandles av Den sentrale klagenemnda i Samordna opptak*
> *b. klage på formell feil ved gjennomføring av eksamen, prøve og fremmøtekrav og eksamenssensur*
> *c. klage på formell feil ved gjennomføring av praksisstudier*
> *d. klage på enkeltvedtak i studieadministrative saker*
> *e. annullering av eksamen eller prøve*
> *f. utestengning og bortvisning*
> *g. utestengning etter skikkethetsvurdering»*

Klagenemnda gjer vedtak med simpelt fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbeltstemme. I saker som omtala i pkt. e-g over, gjer klagenemnda vedtak med to tredels fleirtal.

Klage over enkeltvedtak i den nasjonale opptaksmodellen for grunnutdanningar ved universitet og høgskular, organisert av Samordna opptak, vert handsama av Nasjonal klagenemnd etter forskrift om opptak til høgre utdanning kapittel 8. Nemnda er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet og sekretariatet ligg til Samordna opptak.

Klagenemnda sine vedtak i klagesaker som omtala over i pkt. a-d, er endelege og kan ikkje klagast på. Vedtak om annullering, bortvising og utestenging, pkt. e-g, kan klagast på. Dette er saker som fører til annullering av eksamen eller prøve, utestenging og bortvising av studentar, utestenging av studentar grunna straffbare tilhøve og utestenging etter skikkavurdering.

Klager på desse vedtaka vert handsama av Felles klagenemnd som er klageinstans, jf. forskrift om felles klagenemnd for handsaming av klagesaker etter uhl. § 4-7 til § 4- 10. Felles klagenemnd er oppnemnt av Kunnskapsdepartementet og sekretariatet ligg til CERES (Nasjonalt senter for felles system og tenester for forsking og studiar).

KLAGENEMNDA SI SAMANSETTING

Universitets- og høgskulelova § 5-1 pkt. (2) og (3) gjev føringar for samansetting av nemnda:

> *"(...)*

(2) Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for
leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikkje være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.
(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikkje være medlem av klagenemnda."

I perioden 01.01.17 – 31.08.17 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:
Medlem og personleg varamedlem

Lagdommar Beate Blom (leiar) **Høgskulelektor Åshild Havnerås** **Høgskulelektor Joar Sande** **Torbjørn Tveit (studentrepresentant)** **Julie Kristin Vikestrand (studentrepresentant)**	**Sorenskrivar Håkon Rastum (vara for leiar)** **Vara: Førstelektor Heidi Bjørstad** **Vara: Førsteamanuensis Per Arne Rød** **Vara: Martin Furland (studentrepresentant)** **Vara: Margrete Lauksund (studentrepresentant)**

Perioden 01.09.17 – 31.12.17 har klagenemnda hatt følgjande samansetting:
Medlem og personleg varamedlem

Lagdommar Beate Blom (leiar) **Høgskulelektor Åshild Havnerås** **Høgskulelektor Joar Sande** **Torbjørn Tveit (studentrepresentant)** **Rosmari Grindheim Valdersnes (studentrepresentant)**	**Sorenskrivar Håkon Rastum (vara for leiar)** **Vara: Førstelektor Heidi Bjørstad** **Vara: Førsteamanuensis Per Arne Rød** **Morten Nordvik Hovland (studentrepresentant)** **Vara: Hanne Longva (studentrepresentant)**

SAKER I KLAGENEMNDA FORDELT PÅ SAKSFELT

Klagenemnda har hatt 12 møte i 2017, og har totalt handsama 71 saker.
Den nye faglege organiseringa med fire fakultet tredde i kraft 01.01.18. I denne årsmeldinga har ein likevel knytt opp rapporteringa av sakene frå 2017 etter den nye fakultetsstrukturen[1] (sjå vedlegg 3). Grunngjevinga for ei slik løysing i årsrapporten er å få eit oversiktleg utgangspunkt, og slik kunne samanlikne saksmengd og sakstypar i framtida, med fordeling på dei fire fakulteta. Med denne løysinga kan ein enkelt samanlikne sakstilfanget frå tidspunktet fusjonen tredde i kraft den 01.01.17.

Tabell 1 Tal på saker som vart handsama av klagenemnda ved HVL i 2017, fordelt på saksfelt.

Saksfelt	**Tal saker**
Klagesaker	31
Mistanke om fusk	24*
Merknad på politiattest	13*
Skikkavurdering	3*
Totalt	**71**

* Inkludert sakshandsaming av klagar etter uhl. §§ 4-7 til 4-10

KLAGESAKER

Klagenemnda har handsama 31 klagesaker. Etter uhl. § 5-1 (5) er klagenemnda sine vedtak i klagesaker endelege og kan ikkje klagast på.

[1] Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN), Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS), Fakultet for helse- og sosialfag (FHS) og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

Det totale talet på klagesaker ved høgskulen kan likevel vere mykje høgare enn saker som klagenemnda ved HVL handsamar. Dette skuldast for det første at nokre typar klagar skal vurderast av andre organ. Til dømes skal klage som gjeld opptak til grunnstudium handsamast av nasjonal klagenemnd under samordna Opptak. For det andre kan det totale talet på klagesaker ved institusjonen vere høgare enn tala frå klagenemnda, sidan det enkelte vedtaksorganet har mynde til å gjere om sine eigne vedtak. Dersom vedtaket vert endra av førsteinstans, går ikkje saka vidare til klagenemnda jf. fvl. § 33, heller ikkje som orienteringssak. Det finst derfor inga oversikt over kor mange klagar som er tatt til følgje i førsteinstans.
Tabellen under viser ei oversikt over kva typar klagesaker som nemnda har handsama i 2017.

Tabell 2 Oversikt over klagesaker handsama av klagenemnda i 2017

Saksfelt	Tal saker 2017	Medhald	Ikkje medhald
Opptak	3	0	3
Formelle feil ved eksamen	14	4	10
Formelle feil ved praksis	4	1	2 (1*)
Godskriving (innpass)/Fritak	3	0	3
4. gangs forsøk	4	1	3
Anna	3	1**	1
Tal klagesaker	**31**	**7**	**24**

*1 sak utsett frå møtet 15.12.17 til 26.0.18
** Innvilga utsett verknad av vedtak jf. forvaltningslova § 42.

Korte kommentarar til enkelte av sakene følgjer under:

OPPTAK

Den nasjonale klagenemnda, under Samordna Opptak, handsamar ikkje klagar som gjeld lokale opptak eller klagar over vedtak om opptak på grunnlag av realkompetanse. Klagar på slike vedtak vert handsama i samsvar med den klageordninga som er etablert ved den enkelte lærestaden, jf. forskrift om opptak til høgare utdanning (FOR-2017-01-06-13) § 8-1 (2). Det er difor høgskulen sin klagenemnd som handsamar slike klagar.
Klagenemnda har handsama to saker som gjaldt klage på avslag om opptak på grunnlag av realkompetanse. Begge klagarane oppfylte kriteria gjeve i utfyllande retningslinjer, for å få godkjent realkompetanse for opptak. Opptakskontoret si grunngjeving for avslaga var at klagarane ikkje hadde likeverdige ferdigheiter og kunnskap, samanlikna med søkjarane som hadde fått tilbod om studieplass etter ordinær rangering. Klagenemnda stadfesta førsteinstansen sitt vedtak i begge saker.
I den tredje klagen vart det gjort gjeldande av klagar, at det vart gjeve feil informasjon på høgskulen sine nettsider, og i studieplanen om opptakskrav til eit masterstudium. Klagenemnda uttrykte at det var ein uheldig situasjon når det vart gjeve mangelfull informasjon om opptakskrav i ein studieplan, og på informasjonssida på nett om opptak til studiet. Klagenemnda forventa at det vart rydda opp i dette straks. At informasjonen om opptakskrav var mangelfull kan likevel ikkje føre til lemping av dei faglege krava som skal gjelde for studiet, og som i dette tilfellet medførte at studenten ikkje oppfylte opptakskrava til studiet. Det vil verken vere fagleg forsvarleg, eller i tråd med prinsippet om likehandsaming. Klagaren fekk av denne grunn ikkje medhald.

KLAGE PÅ FORMELLE FEIL VED EKSAMEN/PRØVE

Det går fram av universitets- og høgskulelova § 5-2 (1) at:

> *"Den som har vært oppe til eksamen eller prøve, kan klage over formelle feil innen tre uker etter at han eller hun er eller burde vært kjent med det forhold som begrunner klagen."*

Vidare følgjer det av andre ledd i same lovregel:

> *"Hvis det er begått feil som kan ha hatt betydning for kandidatens prestasjon eller bedømmelsen av denne, skal sensurvedtaket oppheves. Hvis feilen kan rettes opp ved ny sensur av innleverte arbeider, foretas ny sensurering. I motsatt fall holdes ny eksamen eller prøve med nye sensorer."*

Klagarane synte mellom anna til tilhøve som støy, problem med straumtilførsle til PC, feil i eksamensoppgåva og manglande tilrettelegging. Klagarane meinte at disse tilhøva hadde hatt negative konsekvensar for prestasjonen under eksamen, og var formelle feil etter uhl. § 5-2 (1). Nemnda gav ikkje klagarane medhald i desse sakene.

Klagenemnda handsama òg ein klage på ikkje bestått arbeidskrav. Innholdet i arbeidskravet var dårleg dokumentert i emneomtalen, og nemnda konkluderte med at det var gjort ein formell feil.

Tre klagar gjaldt klagesensur. Det var ikkje utarbeidd sensorrettleiing og heller ikkje gjort nivåkontroll ved klagesensur. Klagane var i tillegg knytt til det store spriket mellom opphaveleg karakter ved ordinær sensur og karakter etter klagesensur, grunngjeving for karakterane, og at det på bakgrunn av dette kunne trekkjast slutning om at gjennomføringa av sensur ikkje var forsvarleg, jf. uhl. § 3-9 (1) eksamen og sensur*:*

> *"Universiteter og høyskoler skal sørge for at kandidatenes kunnskaper og ferdigheter blir prøvet og vurdert på en upartisk og faglig betryggende måte. Vurderingen skal også sikre det faglige nivå ved vedkommende studium. Det skal være ekstern evaluering av vurderingen eller vurderingsordningene."*

Klagenemnda presiserte i desse sakene at sensor har fagleg autonomi, og at det innan enkelte fagområde føreligg eit stort rom for fagleg skjøn i sensureringa.

Etter ei samla vurdering, og under tvil, konkluderte nemnda i desse tre sakene med at sensuren i klagehandsaminga ut frå dei konkrete omstenda ikkje var gjennomført på en «faglig betryggende måte» jf. uhl. § 3-9 (1) første setning.

KLAGE PÅ FORMELLE FEIL VED GJENNOMFØRING AV PRAKSIS

Sensurvedtak ved praksisstudiar kan ikkje klagast på, jf. uhl. § 5-3 (5): *«Bedømmelse av muntlig prestasjon og vurdering av praksisstudier eller lignende som etter sin art ikkje lar seg etterprøve, kan ikke påklages».*

I alle dei fire klagesakene vart det gjort gjeldande påstand om formelle feil ved gjennomføring av praksis. Påstanden var at formkrava ved varsling om fare for ikkje bestått praksis ikkje vart følgt. Ein klagar fekk, under tvil, medhald. I eitt tilfelle fann nemnda at saka ikkje var godt nok opplyst, og utsette handsaminga av klagen til første møte i 2018.

GODSKRIVING OG FRITAK

Nemnda har i 2017 fått tre klagar som gjeld avslag på søknad om godskriving og/eller fritak. Ingen av studentane fekk medhald i klagane.

Regelen om godskriving følgjer av uhl. § 3-5 første ledd. Godskriving gjeld berre akkreditert utdanning som er underlagt universitets- og høgskulelova. Vilkåret er at studenten sine beståtte

emne, fag, eksamenar eller prøver oppfyller dei faglege krava som er sett av institusjonen for eit bestemt emne. Dei faglege krava følgjer av institusjonen sine studieplanar, nasjonale rammeplanar m.m., for dei enkelte fag og utdanningar. Er vilkåret oppfylt, pliktar utdanningsinstitusjonen, jf. ordlyden «skal», å gjere vedtak om godskriving.

Regelen om fritak følgjer av uhl. § 3-5 andre ledd. I motsetnad til godskrivingsregelen etter uhl. § 3-5 første ledd, er fritaksregelen ein "kan"-regel. Høgskulen har ikkje plikt til å gjere vedtak om fritak på grunnlag av særskilt kompetanse eller annan utdanninga utan akkreditering. Dette er typisk utanlandske studium utan godkjenning frå NOKUT, og dokumentert kompetanse ved arbeidserfaring.

Klagenemnda kan vanskeleg overprøve dei faglige og skjønnsmessige vurderingar som fagmiljøa gjer. Nemnda kan imidlertid vurdere om sakshandsaminga har vore tilfredsstillande, og om krav til sakens opplysning, rettsleg grunnlag og krav til grunngjeving har vore følgt. I dei tre sakene nemnda handsama var det ikkje forhold som ga grunnlag for å tilsidesette vedtaka.

FJERDE GANGS FORSØK

Hovudregelen er at ein student ikkje kan framstille seg til eksamen i same emne meir enn tre gonger. I særskilte tilfelle kan høgskulen etter søknad, gje dispensasjon til et fjerde eksamensforsøk, jf. forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet § 9-15.

I tre av fire klagar som nemnda handsama , vart vedtak frå førsteinstansen stadfesta. I ei sak låg det føre særlege personlege forhold, og studenten fekk medhald.

MISTANKE OM FUSK

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker om mistanke om fusk, jf. universitets- og høgskulelova § 4-7. Det er klagerett på vedtak om annullering og/eller utestenging til Felles klagenemnd. Ifølgje universitets- og høgskulelova skal vedtak om fusk og utestenging registrerast i RUST – Register for utestengte studenter.

Saker om fusk delar seg normalt i to kategoriar. Den eine er fusk i eksamenslokalet der studenten har tilgjengeleg ulovleg hjelpemiddel, som for eksempel ordbok der det er innarbeida notat, kalkulator med ulovlege funksjonar, notat/bøker eller mobiltelefon. Den andre kategorien ved fusk er plagiering under heimeksamen og/eller obligatoriske innleveringar. Studentane kopierer frå bøker, internettkjelder eller andre medstudentar sine oppgåver utan bruk av sitatteikn og/eller direkte referansar i teksten.

Med heimel i uhl. § 4-7 (1) bokstav b. og uhl. § 4-8 (3), kan det reagerast med annullering av eksamen eller prøve, og utestenging med tap av retten til å gå opp til eksamen inntil eitt år. I saker der det vert fatta vedtak om utestenging, fattast det òg vedtak om annullering. Utestengingsvedtak er oppfatta som ein strengare reaksjon som nyttast på toppen av annulleringsvedtak ved behov. Vedtak om annullering og utestenging, vert gjort uavhengig av om prøven eller eksamenen er vurdert til «ikkje bestått» eller stryk ved sensur.

Skuldkravet i fuskesaker er delt i to; den objektive og subjektive sida. Objektiv skuld inneber at vilkåra for utført fuskhandling er oppfylt og bevisst etter dei faktiske tilhøva. Subjektiv skuld inneber at studenten har handla grovt aktlaust, eller forsetteleg når han utførte dei faktiske handlingane. For forsøk på fusk er det krav om forsett. Dette betyr at fullbyrda fusk som er aktlaus, men ikkje grovt aktlaus, ikkje vert ramma av uhl. § 4-7 (1).

Det følgjer av praksis i Felles klagenemnd at hovudregelen er vedtak om annullering av eksamen og utestenging i to semester (inntil 12 månader) i dei fleste tilfelle der det ligg føre forsettleg fusk, medan grov aktløyse i dei fleste tilfelle fører til annullering av eksamen, og utestenging i eitt semester (inntil 6 månader).

Klagenemnda handsama 17 saker knytt til mistanke om fusk. Fire av vedtaka vart klaga på til Felles klagenemnd. I tillegg har nemnda hatt til handsaming to klagar på vedtak fatta av klagenemnda ved tidlegare Høgskolen Stord/Haugesund. Ei sak vart utsett av omsyn til prinsippet om kontradiksjon (sak 32/17).

I 13 saker gjaldt mistanke mot studenten plagiat, medan 6 saker vart reist grunna mistanke om bruk av ulovleg hjelpemiddel. Klagenemnda frifann studentane i to saker. I dei andre sakene vart eksamen/arbeidskrav annullert. Av dei 13 sakene vart 10 av studentane utestengt i eitt semester grunna grovt aktlaust fusk, medan 3 studentar vart utestengt i 2 semester, på grunn av forsetteleg fusk.

Etter forvaltningslova § 33, skal høgskulen si klagenemnd som førsteinstans vurdere klagen. Dersom vedtaket ikkje vert endra, vert saka sendt vidare til vurdering i Felles klagenemnd. Samla sett vart 5 saker oversendt Felles klagenemnd. I 2 av desse sakene vart vedtaket frå høgskulen si klagenemnd halde ved lag. I dei tre andre sakene vart vedtaka fatta i klagenemnda ved HVL oppheva. Felles klagenemnd la i desse sakene til grunn at studentane hadde vore i aktsam rettsvillfaring.

Tabell 3 Saker til handsaming i klagenemnda i 2017 ved mistanke om fusk

Sak	**Mistanken gjeld**	**Fakul-tet**	**Vedtak i klagenemnda**				**Handsaming av klage i Felles klagenemnd**
			Annuller-ing av eksamen /prøve	**Utesteng-ing frå HVL og tap av retten til å gå opp til eksamen inntil 12 månader**	**Studenten frifunnen frå mistanken om fusk**	**Vedtak som vart klaga på**	
1	Plagiat: Klage på vedtak i sak 43/16 fatta av KN v/HSH	FØS	X	1 semester		Vedtak i sak 43/16 ved HSH halde ved lag. Oversendt Felles klagenemnd	Vedtak i sak 43/16 oppheva. Klagar var i aktsam rettsvillfaring
2	Plagiat: Klage på vedtak i sak 44/16 fatta av KN v/HSH	FØS	X	1 semester		Vedtak i sak 44/16 ved HSH halde ved lag. Oversendt Felles klagenemnd	Vedtak i sak 44/16 oppheva. Klagar var i aktsam rettsvillfaring
3	Ulovleg hjelpemiddel tilgjengeleg under skriftleg. skuleeksamen, sjå sak 18/17	FLKI	X	2 semester		Det vert bestemt utsett verknad av vedtaket, til vedtak i FK er klart.	

4	Ulovleg hjelpemiddel tilgjengeleg under skriftleg skuleeksamen	FIN	X	1 semester			
5	Plagiat: Innlevering av masteroppgåve	FIN	X				
6	Plagiat: Innlevering av heimeeksamen	FLKI			X		
7	Plagiat : Innlevering av heimeeksamen	FLKI	X	1 semester			
16	Plagiat: Innlevering av mappe	FLKI	X				
17	Plagiat : Innlevering av heimeeksamen	FHS	X				
18	Klage på vedtak i sak 03/17	FLKI				Vedtak i sak 03/17 halde ved lag. Saka vert sendt til FK. Det vert bestemt utsett verknad av vedtaket, til vedtak i FK er klart.	Vedtaket fatta av klagenemnda ved HVL vart halde ved lag.
19	Klage på vedtak i sak 04/17					Vedtak i sak 04/17 halde ved lag. Saka vert sendt til FK. Det vert bestemt utsett verknad av vedtaket, til vedtak i FK er klart.	Vedtak i sak 04/17 oppheva. Klagar var i aktsam rettsvillfaring
23	Fusk ved skuleeksamen, sjå sak 28/17	FIN	X	2 semester			
24	Fusk ved skuleeksamen	FIN			X		
25	Plagiat: Arbeidskrav	FLKI	X	1 semester			
26	Plagiat: Arbeidskrav	FLKI	X	1 semester			
27	Plagiat: Arbeidskrav	FLKI	X	1 semester			

28	Klage på vedtak i sak 23/17*	FIN				Vedtak i sak 04/17 halde ved lag. Saka vert sendt til FK.	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL halde ved lag. Dato for utestenging vert justert, slik at det reelt vert ein utestengingsperiode på to semester.
32	Brev med orientering til studenten om rettar knytt til saka, kom i retur til høgskolen dagen før planlagt handsaming. Saka vart utsett, sjå sak 33/17	FLKI					
33	Plagiat ved innlevering av arbeidskrav	FLKI		X	1 semester		
37	Ulovleg hjelpemiddel under skriftleg skoleeksamen, sjå sak 47/17	FLKI		X	1 semester		
47	Klage på vedtak i sak 37/17, sjå sak 33-17	FLKI		Vedtak om annullering halde ved lag.	Vedtak om utestenging oppheva.		
50	Ulovleg hjelpemiddel under skriftleg eksamen	FIN		X			
51	Plagiat ved innlevering av heimeeksamen	FØS		X	1 semester		
56	Plagiat ved innlevering av masteroppgåve	FLKI			2 semester		

*I sak 28 –17 bestemde klagenemnda ved HVL at vedtaket i saka om annullering og utestenging skulle få utsett verknad, jf. forvaltningslova § 42. Det vart sett som vilkår at alle eksamenar som klagaren gjennomførte, i perioden frå vedtaksdato fram til Felles klagenemnd konkluderte i saka, skulle annullerast dersom Felles klagenemnd bestemde å halde ved lag vedtaket til klagenemnda ved HVL.

I vurderinga frå Felles klagenemnd står følgjande:

> *"Det følger av ot.prp. nr. 70 (1993-94) s. 80 at muligheten til å annullere «er begrenset til den eksamen eller prøve som det irregulære forhold knytter seg til». Nemnda er derfor av den oppfatning at dersom det ikke er påvist noen uregelmessigheter ved eventuelle andre eksamener klageren har avlagt, kan ikke disse i etterkant annulleres. Dersom institusjonen ønsker å gi vedtaket oppsettende virkning, vil det naturlige være å utsette utestengelsesperioden til det foreligger endelig vedtak i saken."*

MERKNAD PÅ POLITIATTEST

For studiar ved Høgskulen på Vestlandet (HVL) der det er praksis eller klinisk undervisning, og der studenten slik kan komme i kontakt med mindreårige eller andre sårbare grupper er det krav om avgrensa politiattest(barneomsorgsattest) ved opptak, jf. uhl. § 4-9 og politiregisterlova § 39.

Dersom det er ein eller fleire merknader på politiattesten, blir saka fremma for klagenemnda, som avgjer om studenten får delta i praksis og klinisk undervisning eller skal stengast ute frå dette**.** Eit vedtak om utestenging frå praksis og klinisk undervising på utdanninga betyr ikkje at studenten tapar studieretten. Likevel er tap av studierett ofte ein konsekvens på grunn av progresjonskrav på utdanninga, og studenten vil ikkje kunne fullføre studiet.

Frå 01.01.15 vart den nasjonale nemnda for politiattestar avvikla og utdanningsinstitusjonen si klagenemnd har fått i oppgåve å avgjere slike saker som førsteinstans, jf. uhl. § 4-9 (5). Vedtak om utestenging frå praksis/kliniske studiar kan klagast på, med Felles klagenemnd som klageinstans.

Det er utarbeidd Retningslinjer for behandling av politiattestsaker ved Høgskolen på Vestlandet, vedtatt juni 2017.

I 2017 har klagenemnda handsama 9 saker om merknad på politiattest. Av desse ha 7 av studentane opptak til ulike utdanningar ved Fakultet for helse- og sosialfag, medan 2 har fått opptak til utdanningar ved Fakultet for lærar, kultur- og idrettsfag.

I 3 av politiattestsakene var studentane utestengt frå praksis og klinisk undervisning. Desse vedtaka var klaga på til Felles klagenemnd. Felles klagenemnd stadfesta vedtaka gjort av høgskulen si klagenemnd i alle dei tre sakene. Tabell 4 gjev oversikt over sakene (i alt 13 saker til handsaming).

Tabell 4 Saker til handsaming i klagenemnda i 2017 om merknad på politiattest

Sak	Fakultet	Vedtak i klagenemnda	Klagenemnda si handsaming av sine eigne vedtak som er klaga på		Handsaming i Felles klagenemnd
			Endra vedtak	Oppretthalde vedtak	
41	FLKI	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
42	FHS	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
43	FSH	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
44	FSH	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
45	FSH	Student vert utestengt frå praksisstudium og klinisk undervising			
52	FSH	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervisning			
53	FSH	Student vert utestengt frå praksisstudium og klinisk undervising			
54	FLKI	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
55	FHS	Student vert utestengt frå praksisstudium og klinisk undervising			

65	FLKI	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising			
66		Klage på vedtak om utestenging, sak 45/17		X	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta.
67		Klage på vedtak om utestenging, sak 53/17		X	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta.
68		Klage på vedtak om utestenging, sak 55/17		X	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta.

I 2017 har ei sak frå tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane vore gjenstand for rettsleg prøving i Bergen Tingrett. Saka gjaldt utestenging frå praksisstudiar på grunn av merknad på politiattest. Staten ved HVL vart frifunnen.

SKIKKAVURDERING

Styret har delegert til klagenemnda å avgjere saker som fell inn under universitets- og høgskulelova § 4-10, utestenging etter skikkavurdering.
Klagenemnda har i 2017 handsama to saker med spørsmål om studentane var skikka for det bestemde yrket. I begge saker vart studentane ikkje funnen skikka til yrket, og vedkomande vart utestengt i fem år. I den eine saka vart vedtaket klaga på til Felles klagenemnd. Felles klagenemnd stadfesta vedtak om at studenten ikkje var skikka til yrket, men reduserte utestengingsperioden frå fem til tre år. Begge saker gjaldt studentar knytt til Fakultet for helse og sosialfag.

Til orientering vart det våren 2017 arrangert eit internt seminar ved HVL om regelverk knytt til skikkavurdering. Medlemar i høgskulen si skikkavurderingsnemnd, klagenemnd og dei tre institusjonsansvarlege var målgruppe for seminaret.

SAMMENLIKNING MED TIDLEGARE ÅR

I tabell 4 er det gitt eit oversyn over tal saker som vart handsama i klagenemndene ved dei tidlegare Høgskulen i Sogn og Fjordane (HiSF), Høgskolen Stord/Haugesund (HSH) og Høgskolen i Bergen (HiB).

Tabell 4 Fordeling av saker handsama i klagenemnda 2014-2016 ved dei tidlegare tre høgskulane.

Institusjon	**Høgskulen i Sogn og Fjordane**			**Høgskolen i Bergen**			**Høgskolen Stord Haugesund**		
År	2013 - 2014	2015	2016	2014	2015	2016	2014 - 2015	2015 - 2016	2016
Tal saker totalt	**7**	**9**	**16**	**15**	**10**	**17**	**14**	**26**	**26**
Plagiat / Fusk	3	3		4	2	2	5	20	26
Praksis				1	1				2
Arbeids-krav	1								
Skikka-saker						1			
Formelle feil				8	1	5	3	1	
4. gongs eksamen						4	3	1	2
Innpass						1	1	2	
Opptak	1	2	8	1	1	1			
Politi-attest		4	3		2	2	1	2	2
Anna	2		5	1	3	1	1		1

Tal saker til handsaming i Klagenemnda har hatt ein auke, om ein samanliknar talet på saker handsama av klagenemndene ved de tidlegare tre høgskulane som vart fusjonert frå 01.01.17. I 2015 og 2016 handsama dei tre tidlegerare klagenemndene i alt høvesvis 45 og 59 saker, medan talet på saker i 2017 er 71 saker.

Klagenemnda, januar 2018

Beate Blom
Leiar

Merete Sviggum
For sekretariatet

Vedlegg

Utdrag frå universitets- og høgskulelova.

Kapittel 5. Klage

§ 5-1.Klagenemnd og særskilte nasjonale klageorgan

(1) Universiteter og høyskoler skal opprette en klagenemnd som skal behandle klagar over enkeltvedtak og, etter styrets bestemmelse, andre klagesaker for kandidatene.

(2) Klagenemnda skal ha fem medlemmer med personlige varamedlemmer. Leder og varamedlem for leder skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere. Leder og varamedlem for leder skal ikkje være ansatt ved institusjonen. To av medlemmene skal være studenter.

(3) Representanter for institusjonens eier eller medlem av institusjonens styre kan ikkje være medlem av klagenemnda.

(4) Klagenemnda er vedtaksfør når lederen eller varamedlem for leder og to andre medlemmer er til stede.

(5) Klagenemndas vedtak i klagesaker kan ikkje påklages.

(6) Departementet kan gi forskrift om sakshandsamingen i klagesaker.

(7) Departementet kan opprette særskilte nasjonale klageorgan som skal behandle klagar over enkeltvedtak for bestemte områder og over avgjørelser etter offentleglova.

Instruks for Klagenemnda ved Høgskulen på Vestlandet

Godkjent av høgskolestyret i møte 22.12.16. Endret av rektor 03.07.17.

I

Høgskolen på Vestlandet (HVL) skal ha en klagenemnd, Klagenemnda, som skal avgjøre klagesaker og andre saker som nevnt i pkt. III.

II

Klagenemnda består av 5 medlemmer med personlige varamedlemmer. To medlemmer skal være faglig tilsatte ved HVL, oppnevnt med fire års funksjonstid. Lederen med varamedlem skal fylle de lovbestemte krav for lagdommere og oppnevnes med fire års funksjonstid. Lederen med varamedlem skal ikke være tilsatt ved Høgskolen på Vestlandet. To medlemmer skal være studenter, oppnevnt etter forslag fra Studentparlamentet med ett års funksjonstid. Det oppnevnes personlige varamedlemmer for hver av studentrepresentantene. Ingen av medlemmene kan være med i styringsorgan ved Høgskolen på Vestlandet.

Et medlem med varamedlem(mer) blir stående inntil nytt medlem er oppnevnt, selv om funksjonstiden er utløpt. Et medlem fortsetter også til behandlingen av påbegynte saker er avsluttet.

III

Klagenemnda behandler følgende saker:

- *Klager over enkeltvedtak, jf. universitets- og høyskolelovens (loven) §§ 5-1 (1) og 7-6 (2).*
- *Klager over avgjørelser om permisjon og fravær, samt om helt eller delvis tap av studieretten, jf. forskrift om studium og eksamen ved HVL*
- *Klager i forbindelse med valg av representanter og ombud ved Høgskulen på Vestlandet.*
- *Saker etter universitets- og høyskolelovens §§ 3-7 (8), 4-7 (1), 4-8 (2) og (3), 4-9 (5), 4-10 (3).*
- *Klagesaker i henhold til bestemmelsene om klage i "Forskrift for graden philosophiae doctor (Ph.d) ved Høgskulen på Vestlandet".*

Klagenemnda kan prøve alle sider av saken. Klagenemnda er vedtaksfør når lederen eller varamedlem for leder og to andre medlemmer er til stede. Klagenemnda gjør vedtak med simpelt flertall. Vedtak i saker som går inn under lovens §§ 4-8 (2) og (3), 4-9 (5), 4-10 (3) treffes med minst to tredels flertall. Ved stemmelikhet har leder dobbelstemme.

IV

Møte i klagenemnda blir, så langt det praktisk er mulig, gjennomført nettbasert. Nærregion Bergen vil være møtested i saker som krever at nemnden er samlet. Saksforberedelse skal baseres på skriftlig materiale. Nemnda avgjør i hvert enkelt tilfelle om det er grunn til å innkalle klageren/studenten til å møte for nemnda eller til å innhente uttalelser fra andre instanser. I saker hvor klager/student kalles inn, kan klager/student normalt selv velge om hun/han vil delta på nettbasert møte, eller delta på møte ved nærregion Bergen.

V

Avgjørelsen skjer i møte.

Klagenemnda får mandat til å avgjøre saker på sirkulasjon i perioden 01.07. – 31.08. Mandatet gjelder saker som må avgjøres innen nevnte periode. Saker som sendes via e-post skal være anonymisert.

VI

For saksbehandlingen gjelder reglene i forvaltningsloven. Avgjørelsen skal foreligge innen tre uker hvis ikke særlige grunner gjør det nødvendig å bruke mer tid. Klagenemndas vedtak kan ikke påklages. Vedtak om annullering av eksamen og/eller om utestengning fra studier og eksamen på grunn av fusk, jf. lovens
§§ 4-7 og 4-8, jf. pkt. III, nest siste underpunkt i reglene her, kan likevel påklages, jf. lovens §§ 4-7 (3) og 4-8 (4). Dette gjelder også vedtak i saker om utestenging fra praksis/klinisk undervisning grunnet merknad på politiattest, jf. lovens § 4-9 (5) og utestenging fra studier i saker om skikkethet, jf. lovens § 4-10 (3). 3

Klagenemndas avgjørelser legges frem for styret til orientering i årsmelding.

VII

Rektor utpeker sekretariat for Klagenemnda. Sekretariatet drar omsorg for nemndas arkiv. Sekretariatet fastsetter møteplan for Klagenemnda for ett semester om gangen med minimum et møte per måned.

Sekretariatet sørger for forberedelse av sakene etter retningslinjer gitt av nemndas leder.

Oversikt over saker handsama av klagenemnda i 2017

Sak	Sakstype	Utfall klagenemnd HVL	Utfall felles klagenemnd	Fakultet*
1	Fusk. Klage på vedtak om utestenging og annullering	Ikkje medhald.	Vedtak oppheva	FØS
2	Fusk. Klage på vedtak om utestenging og annullering	Ikkje medhald.	Vedtak oppheva	FØS
3	Fusk	Annullering og utestenging i 1 semester		FLKI
4	Fusk	Annullering og utestenging i 1 semester		FØS
5	Fusk	Annullering		FIN
6	Fusk	Frifinning		FLKI
7	Fusk	Annullering og utestenging i 1 semester		
8	4. eksamensforsøk	Ikkje medhald		FHS
9	4. eksamensforsøk	Medhald (dekka saksomkostningar)		FLKI
10	Innpass av emne	Ikkje medhald		FIN
11	Klage på formelle feil	Ikkje medhald		FSH
12	Klage på formelle feil	Ikkje medhald		FIN
13	Klage på formelle feil	Ikkje medhald		FIN
14	Klage på formelle feil	Ikkje medhald		FIN
15	Trekk frå eksamen pga manglande godkjente arbeidskrav	Ikkje medhald		FIN
16	Fusk	Annullering og utestenging i 1 semester		FLKI
17	Fusk	Annullering		FHS
18	Klage på vedtak i sak 03-17	Vedtak opprettholdes. Oppsettende virkning gis	Vedtaket fatta av klagenemnda ved HVL vart halde ved lag.	

19	Klage på vedtak i sak 04-17	Vedtak opprettholdes. Oppsettende virkning gis	Vedtak i sak 04/17 oppheva. Klagar var i aktsam rettsvillfaring	
20	Skikkavurdering	Ikkje skikka og utestengt i 5 år		FSH
21	Innpass av tidlegere utdanning	Ikkje medhald		FLKI
22	Inndraging av studierett	Ikkje medhald		FHS
23	Fusk	Annullering av eksamen og utestenging i et sem		FIN
24	Fusk	Frifinning		FIN
25	Fusk	Annullering og utestenging i 1 sem		FLKI
26	Fusk	Annullering og utestenging i 1 sem		FLKI
27	Fusk	Annullering og utestenging i 1 sem		FLKI
28	Fusk. Klage på vedtak i sak 23-17	Vedtak vert oppretthalde. Sendes felles klagenemnd	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL halde ved lag. Dato for utestenging vert justert, slik at det reelt vert ein utestengingsperiode på to semester.	
29	Klage på formelle feil ved eksamen	Ikkje medhald		FLKI
30	Tilrettelegging av praksis	Ikkje medhald		FLKI
31	Ikkje bestått praksis, levert sjukemelding	Ikkje medhald		FLKI
32	Fusk	Saka vart utsett. Brev til student med orientering kom i retur dagen før planlagt handsaming av saka.		FLKI

33	Fusk	Annullering og utestenging i 1 semester		FLKI
34	Ikkje godkjent arbeidskrav	Medhald		FØS
35	Klage på formelle feil eksamen	Ikkje medhald		FLKI
36	Skikkavurdering	Ikkje funnet skikka Utestengt i 5 år		FHS
37	Fusk	Annullering og utestenging i 1 sem		FLKI
38	Klage på formelle feil eksamen	Ikkje medhald		FLKI
39	Klage på formelle feil praksis	Klagar får medhald		FHS
40	Klage på avslag opptak	Klagar får ikkje medhald		FHS
41	Merknad på politiattest	Får delta i praksis		FLKI
42	Merknad på politiattest	Får delta i praksis		FHS
43	Merknad på politiattest	Får delta i praksis		FHS
44	Merknad på politiattest	Får delta i praksis		FHS
45	Merknad på politiattest	Utestengt frå praksis		FHS
46	Skikkavurdering Klage på vedtak i sak 36	Vedtak i sak 36 opprettholdes. Saken sendes Felles klagenemnd	Vedtak om at student er ikkje skikka vert stadfesta. Utestenging redusert frå 5 til 3 år.	FHS
47	Fusk. Klage på vedtak i sak 37-17	Delvis omgjøring av vedtak i sak 37-17. Annullering av eksamen opprettholdes, vedtak om utestenging oppheves		FLKI
48	Klage på avslag opptak (master)	Ikkje medhald		Opptaks-kontor/FLKI
49	Klage på avslag opptak (realkomp)	Ikkje medhald		Opptaks-Kontor/FHS

50	Fusk (skuleeksamen)	Annullering av eksamen		FIN
51	Fusk (plagiat)	Annullering og utestenging i 1 semester		FIN
52	Merknad på politiattest	Får delta i praksis		FHS
53	Merknad på politiattest	Utestengt frå praksis		FHS
54	Merknad på politiattest	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising		FLKI
55	Merknad på politiattest	Utestengt frå praksis		FHS
56	Fusk (master)	Annullering av eksamen og utestengt i 2 sem		FLKI
57	Klage på formelle feil ved eksamen	Klagar får ikkje medhald		FLKI
58	Klage på formelle feil ved eksamen	Klagar får ikkje medhald		FHS
59	Klage på formelle feil ved eksamen (tilrettelegging)	Klagar får ikkje medhald		FIN
60	Formelle feil ved klagesensur	Klagar får medhald		FLKI
61	Søknad om oppsettande verknad av vedtak i Felles klagenemnd	Innvilga		FIN
62	Klage på gjennomføring av klagesensur	Klagar får medhald		FLKI
63	4. eksamensforsøk	Klagar får ikkje medhald		FLKI
64	4. eksamensforsøk	Klagar får ikkje medhald		FIN
65	Merknad på politiattest	Student får anledning til å delta i praksisstudium og klinisk undervising		FLKI
66	Klage på vedtak i sak 45-17	Klagar får ikkje medhald	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL	FHS

		Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta av Felles klagenemnd	vert stadfesta av Felles klagenemnd	
67	Klage på vedtak i sak 53-17	Klagar får ikkje medhald Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta av Felles klagenemnd	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta av Felles klagenemnd	FHS
68	Klage på vedtak i sak 55-17	Klagar får ikkje medhald	Vedtak fatta av klagenemnda ved HVL vert stadfesta av Felles klagenemnd	FHS
69	Klage på avslag om godskriving av tidlegere utdanning	Klagar får ikkje medhald		FØS
70	Klage –tilrettelegging av eksamen	Klagar får ikkje medhald		FSH
71	Klage på formelle feil ved praksis	Saka vert utsett til neste møte		FSH

*Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN), Fakultet for økonomi- og samfunnsvitskap (FØS), Fakultet for helse- og sosialfag (FHS) og Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett (FLKI)

Høgskulen på Vestlandet

Arkivsak-dok. 17/10241-6 Arkivkode. 012
Saksbehandler Grethe Lønning Grimsbø

Saksgang	Møtedato
Høgskulestyret	07.03.2018

23/18

ÅRSRAPPORT FRÅ LÆRINGSMILJØUTVALET VED HVL 2017

Forslag til vedtak/innstilling:

Styret tek årsrapport frå Læringsmiljøutvalet (LMU) til orientering.

Sammendrag
Det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø er lagt til høgskolestyret (UH-lova §4-3). Læringsmiljøutvalet (LMU) ved institusjonen skal sjå til at bestemmelsane i UH-lova vert fulgt opp, og skal årleg legge fram rapport for styret.

Årsrapport for 2017 frå Læringsmiljøutvalet ved HVL vert med dette lagt fram til orientering til styret.

Vedlegg:
Årsrapport frå Læringsmiljøutvalet (LMU) 2017

Høgskulen på Vestlandet

Årsrapport 2017 Læringsmiljøutvalet ved Høgskulen på Vestlandet

Om Læringsmiljøutval (LMU)

UH-lova §4-3 slår fast at styret ved institusjonen har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret har ansvar for at det fysiske og psykiske læringsmiljøet på insitusjonen er fullt forsvarleg ut frå ei samla vurdering av omsyn til studentane si helse, tryggleik og velferd. LMU er eit lovpålagt utval som skal sjå til at bestemmelsane i UH-lova vert gjennomførte. Det er lovfesta at LMU skal bestå av like mange studentar som tilsette, og studentane og dei tilsette skal inneha leiarvervet annakvart år.

Læringsmiljøutvalet ved HVL

Interimstyret vedtok i sak 044/16 oppretting og organisering av LMU ved HVL frå 01.01.2017.

Mandatet ligg i UH-lova §4-3. LMU ved HVL har per i dag ikkje eit definert mandat utover dette.

Det er naturleg at LMU har ei definert rolle i institusjonen sitt kvalitetssystem, og har samhandling med blant andre Utdanningsutvalet. Då verken kvalitetssystem eller andre råd og utval enn dei lovpålagde var på plass i 2017, har LMU dette første året ikkje vore knytt til andre organ i institusjonen. Ved slutten av året fekk prorektor for utdanning ansvar for å følgje opp LMU-saker inn mot strategisk leiargruppe.

